

## Notat

Fylkesdirektøren for opplæring har søkt og fått midlar frå utdanningsdirektoratet til ei ordning for ungdom utanfor opplæring og arbeid. Ordninga er eittårig og vil gjelde for skuleåret 19/20.

Bakgrunnen for utlysinga er rapporten *Riksrevisjonens undersøkelse av oppfølging av ungdom utenfor opplæring og arbeid* (Riksrevisjonen 3:9, 2015-2016). Vidare slår rapporten fast at det er for få gode tilbod for unge utanfor opplæring og arbeid.

### Bakgrunnen for søknaden

Sogn og Fjordane har dyktige og kompetente lærarar, som år etter år fører elevane fram til gode resultat og høg gjennomføring i vidaregåande opplæring. Likevel har vi elevar som fell utanfor ordinær opplæring og treng alternative tilbod som ikkje er knytt til tradisjonelle undervisningsformer, men heller til eit relasjonsretta og praksisnært danning- og læringsarbeid.

### Målsetjing

Ordninga har som mål å motivere og klargjere ungdommen til å byrje eit opplæringsløp som gir sluttkompetanse.

### Ordninga SETT-HØYRT-SPURT i Sogn og Fjordane

#### *Målgruppe*

I første rekke vil ordninga rette seg mot elevar med behov for eit praktisk læringsmiljø, elevar med sosiale- og emosjonelle vanskar og elevar med behov for eit miljøskifte. Ordninga føreset eit tett samarbeid mellom skule og arbeidsliv.

#### *Etablering*

Fylkesdirektøren for opplæring har saman med Flora vidaregåande skule og Origod vurdert grunnlaget for å etablere ordninga i Florø. Vurderinga tilseier at Florø har gode føresetnadar til å realisere ordninga som eit prøvetiltak.

#### *Organisering*

Ordninga vert organisert med styringsgruppe, arbeidsutval og referansegruppe.

##### Styringsgruppa:

- fylkesdirektøren for opplæring
- leiarar frå to vidaregåande skular
- representant for dei tilsette

Gruppa har overordna mynde til avgjersler som gjeld innhald og gjennomføring.

##### Arbeidsutvalet:

- to representantar frå fylkesdirektøren for opplæring
- prosjektleiar

Utvalet har ansvar for at handlingsplanen blir utført og å knyte til seg aktuelle samarbeidspartar.

##### Referansegruppe:

- representantar frå ein vidaregåande skule
- representantar frå to ungdomsskular, KS representasjon
- fylkesdirektøren for opplæring; team for opplæring i bedrift
- arbeidstakarorganisasjonane, 1 felles representant
- tilsett i Oppfølgingstenesta

- NAV representant

Arbeidsutvalet vil drøfte faglege synspunkt og løysingar på ulike problemstillingar med referansegruppa.

### *Innhald*

Meistring og fagleg kompetanse er bygd på god helse, høg trivsel og læring. Ordning bygger derfor på

- ei styrkebasert opplæring
  - samtale med merksemd på å fremje eleven sine styrkar, verdiar og mogelegheiter til ei yrkeskarriere
- å etablere god helseåtfærd
  - felles måltid
  - fysisk aktivitet
  - meistringsstrategiar
- ei praksisnær opplæring
  - verkstader med høve til å få kjennskap til ulike programområde

Med utgangspunkt i etablerte rutinar for oppfølging av einskilde elevar, blir ungdommane identifisert, kartlagt og teke inn i ordninga fortløpande gjennom skuleåret.

Når som helst i skuleåret skal eleven seie:

«Eg er i eit læringsmiljø som møter meg med tillit, respekt og krav.

Eg bruker evnene mine og får utfordringar som fremjar lærelysta mi. Her trivest eg»

### **Finansiering**

Prosjektet blir finansiert av tildelte midlar frå Utdanningsdirektoratet og fylkeskommunale midlar avsett til tiltak i handlingsprogrammet.